

Definisjonar av etasjar i bygningar

Loft eller hovudetasje?


Folk flest kallar ei etasje med skråtak for loft. NS 3940 er standarden som blir nytta ved registrering i eigedomsregistert. For å bestemme om det er loft eller hovudetasje måler du høgda 1,9 meter frå golv til skråtak. Gjer tilsvarende på den andre sida. Mål so avstanden mellom punkta på skråtaket.

Er avstanden mellom punkta mindre en 0,6 meter, er ikkje arealet måleverdig.

Dersom avstanden er mellom 0,6 og 1,9 meter, er det loft.

Når avstanden er meir enn 1,9 meter er det ei hovudetasje.

Legg til 0,6 meter på kvar side. Breidda du då får ganger du med lengda på huset, slik får du etasjearealet.



Kjeller eller underetasje?

Det er terrenget rundt huset som avgjer om etasjen blir definert som kjeller eller underetasje.

Er terrenget fylt jamt opp rundt heile grunnmuren slik at den er under 0,75 meter høg, er det ein kjellar. Hus med underetasje ligg slik til i terrenget at den eine sida er frilagt, og det er gjerne inngang til hybel/leilegheit eller garasje i underetasjen. På motsatt side er det ofte inngang til første etasje (hovudetasje 1)

Er areala rett?

For arealberkninga av bygningar blir det brukt bruksareal (BRA). Dette er alt areal innafor yttervegg.

